

## **Høyring: Framlegg til vigselsturgi for likekjønna og ulikekjønna par.**

Etter å ha lese framlegget har eg blitt ståande ved ei formulering under pkt. 4 som eg vil ha store problem med å seia.:

«Når to menneske vel å leva saman i ekteskap, stadfestar Gud denne sameininga med si velsigning.»

Formuleringa er i Vigselordning 2003 knyt til orda i 1Mos.1,28. Her er velsigninga knyt til at livet skal haldas oppe gjennom slektene. Skriftstaden er kva framlegger kallar fundamentalord i «den gamle ekteskapsforståinga» og slik eg ser det ikkje til å bruka i vigsle for likekjønna par. Eg kan be om Guds velsigning over alt liv, men eg kan ikkje seia at Gud har stadfest si velsigning over likekjønna ekteskap. For meg vil det vera å seia meir enn skrifta gjev meg rom for å seia. Eg foreslår at heile setninga vert strøken både i ny vigsel- og forbønsliturgi

Eit hjartesukk utanfor sak. Når det i framtida ser ut til at me stadig vil få nye utfordringar i møte med samlivsformer samfunnet aksepterar, er det ikkje då på tide at kyrkja seier frå seg vigslesretten. Ekteskap er ein borgarleg ordning.

Mvh

Gunnar Frøyland

Sokneprest i Time, Jæren prosti